



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/67727-2

Dykkar referanse:
17/812 – 17/9692

Vår dato:
06.06.2017

Uttale – Fv. 245 – Dispensasjon – Bustad – Gnr. 37 bnr. 53 – Ådland i Meland kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 12.05.2017. Vi var på synfaring på staden 29.05.2017.

Kva saka gjeld:

Saka gjeld dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) for oppføring av bustad på gnr. 37 bnr. 53 i Meland kommune. Eigedomen er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål jf. arealdelen av kommuneplan for Meland (2015–2026).

Det er eit krav at avkøyrsløysle frå offentleg veg skal vere godkjent av vedkommande myndigheit før det vert etablert ny eigedom jf. pbl. §27-4 og veglova §§ 40–43. Tomta var frådelt i 2010. Vi finn ikkje at det føreligg eit avkøyrsløysle etter veglova for denne eigedomen.

Uttale:

Eigedomen ligg langs Fv. 245 ved Ådland. Vegen er smal og svingete på gjeldande strekning. Det er ikkje tilbod til gåande og syklande. Fartsgrensa er 50 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er 500. Strekinga er klassifisert til Haldningsklasse 4 jf *Rammeplan for avkøyrsløysle og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*.

Vegvesenet si vurdering av saka:

I rammeplanen er vegstrekninga klassifisert til Haldningsklasse 4. Det vil mellom anna seie at vegen har ein viktig lokalvegfunksjon, og at avkøyrsløysle normalt vert gitt dersom avkøyrsla tilfredsstillar dei krav vi setter til utforming. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi handsamar søknaden.

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkøyrsløysle eller ved utvida bruk av eksisterande, er at det skal vere tilstrekkeleg sikt. I dette tilfellet er minimumskravet til sikt at ein skal sjå 45 meter

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

til kvar side av køyrebana frå eit augepunkt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla. For å oppnå tilfredsstillande sikt i begge retningar er det forventa at ein står vinkelrett på fylkesvegen før ein køyrer ut. Vi vurderer at denne avkøyrsla har ei dårleg utforming, og det er særleg svingradius til høgre i avkøyrsla som er for liten. Dette medfører eit uheldig køyremønster i avkøyrsla og at sikta vert redusert. Dersom vi skal gi eit nytt avkøyrsløyve her vil vi stille krav om utbetring av geometrien i avkøyrsla. Søkjar må sjølv avklare eigedomstilhøve og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisiktsoner og tilkomstveg.

Vidare saksgang:

Statens vegvesen kan ikkje sjå at det ligg føre eit avkøyrsløyve frå offentleg veg til denne eigedomen.

Dersom kommunen vel å gje dispensasjon i dette tilfellet, vil vi behandle søknaden vidare etter føresegnene i veglova. Det må då sendast søknad om avkøyrsløyve til Statens vegvesen. Meland kommune må stille krav om at det føreligg avkøyrsløyve til offentleg veg før det vert gjeve løyve til igangsetjing av nye tiltak på omsøkte eigedom.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.